

Institutt for lingvistiske og nordiske studium  
v/ Kristian Emil Kristoffersen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

14/375 - 29 / DGI

30.10.2014

## Avklaring av framtida for Bokmålsordboka og Nynorskordboka

Språkrådet og Universitetet i Oslo (UiO) har lenge samarbeidd om innhaldet i Bokmålsordboka og Nynorskordboka. Det er fleire titals millionar søk i året i desse standardordbøkene, og dei er såleis dei suverent viktigaste kjeldene til offisiell informasjon om korleis norske ord skal skrivast, korleis dei kan brukast, og kva dei tyder.

Språkrådet er uroleg for framtida til denne nasjonalt svært viktige kunnskapskjelda no som UiO har sagt ifrå seg ansvaret for dei norske språksamlingane. Dessutan har Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) gjennom stillingsplanen sin slått fast at det ikkje vil koma nye stillingar til leksikografi dei nærmaste åra, samstundes som leksikografane ved instituttet i denne perioden vil måtta gå av med pensjon. Vi ønskjer derfor å få klarlagt nokre viktige spørsmål snarast:

- Kor lenge vil UiO kunna bidra til at nettutgåvene av Bokmålsordboka og Nynorskordboka er tilgjengelege for brukarane?
- I kva grad vil innhaldet i ordbøkene kunna bli oppdatert?

Til det siste spørsmålet skisserte Språkrådet tidlegare i år overfor Kulturdepartementet at det trengst eit meir omfattande oppdateringsprosjekt for standardordbøkene. Dei siste åra har heilt nødvendige oppdateringar blitt gjorde hovudsakleg gjennom finansiering frå Språkrådet. Vi er no i den situasjonen at dette oppdateringsarbeidet ikkje kan vidareførast som kortsiktige løysingar.

Vi ber om at vi snarast råd kan møtast for å avklara spørsmåla ovanfor og avtala det vidare samarbeidet om Bokmålsordboka og Nynorskordboka.



Venleg helsing

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

Svein Arne Orvik  
informasjonssjef

Mottakarliste:  
Institutt for lingvistiske og  
nordiske studium

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*